

Aktive fredsreiser – nokre tankar og refleksjonar



Ei stille stund ved minneplata i Auschwitz.

“Den som gjer ei reise, har noko å fortelja” heiter det i eit tysk ordtak. Og denne gongen har han bestefar vore med tiandeklassane ved Søfteland skule ei heil veke på tur til konsentrasjonsleirane Auschwitz og Birkenau i Polen, Sachsenhausen og Ravensbrück i Tyskland og ein tur innom Stasifengselet i Berlin.

Foreldra stod for tilskipinga, og dei kunne knapt ha funne vondare plassar å oppsøkje i Europa. Eit 20-tals foreldre var med på turen. Reiseleiar og forteljar var *Bjørn Austeng*.

Med fly var det ikkje mange timane frå Flesland via Gardermoen til Krakow. Fine hotell med god mat, og ein polsk bussjåfør som køyrde oss dit me skulle både i Polen og i Tyskland. Skil heller ikkje gløyma vitjinga i dei kjende saltgruvane i Krakow og kjende stader i Berlin.

Her var tre generasjonar i reisefylgjet: Ungdomsskuleelevane i 15-16-årsalderen, dei vaksne i om lag 40-åra, og så besten årgang 1929. (Diverre ikkje som vinen som vert betre med åra.)

“EN TEMAREISE I FRED” står det på reiseruta. Ein faldar gir informasjon om kva desse klasseturane dreiar seg om. Og når ein då i kvar konsentrasjonsleir var med på omvisning og fekk høyra kva som hadde gått føre seg, må ein kunna seia at dette var eit godt pedagogisk opplegg. Historiekunnskap i det rette “klasserommet”.

Som alt skrive – tre generasjonar, og med ulik bakgrunn, og ein kan spørja: Kva tankar og refleksjonar gjekk føre seg hjå dei unge, og vaksne med, ved synet av pigg-

tråd, torturapparat og mørke og tronge celler? Ein får vanskar med å finna ord for det ein har sett og høyr. For dette er vondskap frå sjuke personar med eit system der millionar av uskuldige menneske møtte døden, vart kremer, og fekk oska spreidd på ukjende stader. Inga hand å halda i då livet slokna. Inga grav å gå til for dei som sat att.

For nokre år sidan var eg i konsentrasjonsleiren Bergen-Belsen. Det same grufulle møtte ein der òg. Ved grava til *Margot* og *Anne Frank* stod to unge jenter og turka tårer. Eg må vedgå at eg fekk klump i halsen då eg no i KZ Ravensbrück såg det same. Det er lov å gråta. Kjenslene våre seier meir enn ord. Stundom er det òg vakkert – det gode i oss kjem til syne.

Brigadesoldat i Tyskland

Det er 63 år sidan den andre verdskrigen tok slutt, den verste av alle krigar i vår soge. Millionar møtte døden. Det var jubel og glede då freden kom, men òg sorg – sorg hjå dei som hadde mista sine kjære.

No var det arbeid for fred. Tyskland vart okkupert av dei sigrande partar. Nazismen skulle aldri få reisa seg

att. Norske soldatar var òg med og heldt vakt. Eg var brigadesoldat i Tyskland for snart 60 år sidan. Me kom til eit utbomba land med millionar av magre og bleike flyktningar frå aust. Kyrkjegardar med tusentals kvite krossar, og menn i sin beste alder på krykkjer. Alt dette, og mykje meir, eit trist utfall etter nazismen sine herjingar.

Anna Vårdal Søfteland

“De gode gjerninger skal redde verden” skreiv *Bjørnstjerne Bjørnson* til polske arbeidrarar i 1910. Dette var det siste han skreiv, og han kom ikkje lenger enn til overskrifta.

Ungdomsskuleelevane på Søfteland skule treng ikkje gå mange stega frå skulen til huset der *Anna Vårdal Søfteland* budde. I krigsåra gjorde ho dei gode gjerningane slik B.B. skreiv.

I boka “Som menneske til menneske” fortel ho om arbeidet ho gjorde for fangane på Ulven, og kontakten ho hadde med tyske politisoldatar. Eit utdrag frå boka med overskrift “Morsdag” har fått plass i eit leseverk i norsk på ungdomsskuletrinnet.

Kort fortalt: Anna skriv om ein morsdag med snø og kulde – kulde òg i sinnet. Ekko av tyske jernsko over alt, nye dødsdommar. Varme og kjærleik fraus bort. Borna kom med kaffi, kaker og teikningar og ønskte mor til lukke med dagen.

Ein tysk politisoldat kom inn i stova.

Ein høg og slank mann med mørke tirande auge. Ein fiende. Eg møtte han med kul-

de, skriv ho og sa at han måtte koma seg i leiren att. Det er mørkt og glatt. – Das spielt keine Rolle... Han tok fram eit bilete. Meine Mutter. Han vart blank i augo. Var det tårer? Far fallen i krig. To brør begge falne i krig. – Krig vond. Eg vil ikkje myrda, seier han. Han spente bandolæret fast om livet, tok frakk og lue. – Gute Nacht, moder.

Anna fortel at ho stod i døpninga og lydde i bekmørket etter slaga som klang mot vegen attende til interneringsleiren. Så kom gråten og tankane om at ho hadde vore ein vond tenar. Det var morsdag, men ho fraus han ut. Ho skulle ha vist han det største i livet – kjærleik.

Boka «Som menneske til menneske» av Anna Vårdal Søfteland er å få lånt på biblioteket.

Både språk og innhald er frå nærmiljøet!

Det er så mange tankar og refleksjonar etter slike turar. Eg hugsar Fritzane. Ikkje alle av dei ville ha krig. Dei òg hadde ein heim og eit arbeid dei lengta attende til. Det er nazismen sine ugierningar me ikkje må gløyma. Og det trengst alltid vakt og vern om og for demokratiske verdiar.

Takk for turen! Takk til alle som såg til ein tunghøyr bestefar! Godt å koma heimatt. Eg tek ein runde i hagen. Eg ser på rosene, lauvet og det grøne graset. Og eg veit at i sorg og tunge stunder – eg har ei grav å gå til. Han Herbjørn frå Sunnfjord har rett: Alle reiser er ein omveg heim.

Sigmund Haug